



Tekstforfatter Rimestad

Blandakoret Røyserett for alle med basis i Uskedalen skal levera eit smigrande bestillingsverk til Haugesund. Det går ut på å laga og framføra ein song som har nettopp det originale namnet på koret som basis. Dermed har koret samstundes også fått noko som kan kallast ein signaturlodi.



[Komponist Malmsten](#)

Verket er no under innøving og skal framførast i sildebyens raude rådhus i slutten av september. Då skal koret samstundes avvikla sitt faste haustseminar på Rica Maritim Hotell. Koret sin faste tekstforfattar Svein Rimestad, som også i sin tid var opphavsmannen til det originale namnet på koret har skreve teksten og den alltid like iherdige dirigent Maria Malmsten har komponert melodien.på grunnlag av teksten. Dei har laga ei rekkje verk saman og Maria er begeistra for tekst-talentet til Svein. Korleiar Haldor Tveit fortel korleis det gjekk til at koret fekk oppdraget: - Eg vart oppringt av Inge Lønning i Haugesund kommune som opplyste at kommunen kvart år i slutten av september har noko som dei kallar Åpens Rådhus. Dette året ville dei gjerne ha innslag om røysteretten for kvinner og dei hadde høyrte om vårt kor som har det spesielle namnet. Og eg sa straks ja då dei spurte om vi ville komme og syngja og til og med laga ein spesiell song.

Røysterett for alle hadde øving nummer 2 denne hausten torsdag kveld på Helgheim. Koret har god vind i segla og 34 aktive songarar. Det er lengje sidan koret var så stort og siktar mot 25-årsjubileet i oktober med stor optimisme.

Her er den spesialkomponerte songen, refrenget er attgjeve berre etter første verset:

**Ei røyst har mykje ved seg og mangt kan ho få sagt.
Går du til urna då har og gjev ho makt. Er
rette røyster samla, kan utgangen bli stor
både ved valet og for eit blanda kor**

Røysterett for alle, for kvinner som for menn, ein rett du tek for sjølv sagt, dei kjempa hardt for den. I hundre år har retten stått med både fynd og klem og sist men ikkje minst: Vårt blandakor er tjuefem

Ei røyst kan nyttast ulikt alt etter kva som trengst:
Bydande, bedande og mjukt der det når lengst.
Ved urna trengst ein setel når du vil ditt ha sagt.
Koret treng røyster med tone og med takt

Sjå no på Løvebakken, ein ny kabal er lagt.
Gjekk du til urna? Utøvde du di makt?
Kan henda er du misnøgd, skal tru kva dei får løyst?
Høvet det var der, du la vel inn di røyst?

I dette blandekoret er røysteretten klår:
Me røystar stadig, meir for kvart andre år.
Sjå, røystene er samde, me finn at song er bra.
Tenk før du ber oss, kan henda du får ja!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen